


# BRATTVÅG ROTARYKLUBB

Medlemsbrev nr. 3, 2003/2004

Januar, februar, mars

President Harald Gudbrandsen



Redaksjonskomité: **Sindre Vik, Hillbjørg Austbø, Anders Lausund, Hjørdis Kristine Skaar**

## Møte 6. januar 2004 Mi romjulsbok. *Hva gjør oljepengene med oss?*

President Harald kunne ønske velkommen til ein gjest, Claudius Zetner frå Tyskland, som er komen til Haram for å avhjelpe tannlegemangelen. Han er mellombels tilsett i folketannrøkta, og skal vere her i alle fall fram til september.

Dagens tema var *Mi romjulsbok*, og det var Johan Mork som fekk ordet. Alle veit at sonen, Geir, er direktør i Gyldendal, men få visste at dottera, Ragnhild, er redaktør i Cappelen Akademisk forlag. *Hva gjør oljepengene med oss?* er ei bok Ragnhild hadde ansvaret for, og til overmål er det barnebarnet til Johan, grafisk illustratør Hilde Mork, som har laga omslaget.

Arne Jon Isachsen er redaktør for boka og har sjølv skrive 4 av 11 kapittel. Boka tek opp det kanskje viktigaste spørsmålet for landet vårt dei neste 50-100 åra. Sjølv om det norske oljeeventyret har gått overraskande(?) bra dei første 40 åra, er det mykje som tyder på at dei største fallgruvane ligg framføre oss.

*Statens petroleumsfond, som ble etablert i 1990, stod tomt de første 5-6 årene. Så begynte pengene å strømme inn. Ved inngangen til 2002 var det verdipapirer i dette fondet tilsvarende 613 milliarder kroner. Hva skal vi gjøre med disse pengene? Og hva gjør disse pengene med oss?*

Har du ein stor skog, er det lett å forstå at det er berre tilveksten

som kan hoggast dersom rikdommen skal oppretthaldast. Det ser ut til å vere mykje verre å halde fingrane av fatet, når formua består av likvide pengar.

*Politikerne opplever et økende press om å bruke mer av oljepengene. I tillegg til et økende trykk om økte bevilgninger og reduserte skatter og avgifter, virker et stort statlig oljefond stimulerende på ikke-produktiv virksomhet, der siktemålet er å få særfordeler . . . tid og krefter anvendes for posisjonering med sikte på å få en bit av kaka, uten selv å bidra til størrelsen på den.*

Det er klart at dersom vi alle blir meir opptekne av å kare til oss ein bit av kaka, enn av å vere med på å bake ho, vil vi brått ein dag oppdage at festen er over, og vi er lite i stand til å stå på egne bein. Boka syner til andre land sine erfaringar – andre land som har opplevd brå rikdom av naturressursar, og som i liten grad har greidd å gjere rikdommen til ei velsigning som varer.

Boka burde vere pensum for alle som steller med politikk, ja, for alle oss andre også, for det er vel vi som vel dei som skal forvalte oljerikdommen. SV

## Møte 13. januar 2004 Klassifikasjonskomitéen. Tema: Medlemsverving

Referenten tok først dei fram-møtte med på ei mimre-reise gjennom nokre av dei vellukka sosiale samkomene i klubben siste åra. Det vart synt bilde frå dei tre siste haustturane: Hjelle sæter i 2001, Furuhaugli i 2002 og Blå-

tind Appartement i 2003, vidare frå olsokgraut og dugnad på Brattholmen, blåtur til Kjersem og Gjermundnes, utflukt til Hestevatnet og vassverket, fisketur og Ona-tur med Inner Wheel og svenske gjester. Slike sosiale samkomer utanfor dei faste klubblokala, gjerne med gjester, ektefelle/sambuar, er med på å gjere BR til ein meir interessant og attraktiv klubb.



Ivar F synte ein PP-presentasjon om medlemsutvikling. Her var mange tips om kva ein kan gjere for å rekruttere nye medlemmar, og ikkje minst ta vare på både gamle og nye medlemmar.

Det har frå tid til annan kome ønskje om at våre seniormedlemmar bidrar med eit yrkesforedrag/attersyn. Jostein byrja på eit slikt, men rotarytimen gjekk fort, og vi fekk mest berre innleinga. Har fortalde om oppvekst i Brattvåg på 40- og 50-talet, om skulegang, og dei første åra på Brattvåg Elektro. Vi reknar med at vi får høyre resten av historia ein annan gong. SV

## Møte 20. januar 2004 Internasjonal komité.

President Harald opna med å ønskje Olav G. velkomen heim etter fleire månader «utlendighet».

Helge Austbø vart også helsa velkomen som observatør i klubben. Vi har fått invitasjon frå Ålesund Øst til torskeaften fredag 13. februar. Presidenten har fått ei bok frå Bernt Fylling, som takk for god mottaking i Brattvåg Rotaryklubb.

Kjetil fekk så ordet til kveldens hovudpost om Rotary si internasjonale verksemd. Kjetil gav ei brei orientering om alle utvekslingsprogramma, stipend, om Polio Plus og Rotary Foundation. Sjølv om vi stadig får små drypp av info om dette temaet, er det viktig at vi får ein grundigare gjennomgang frå tid til anna. SV

### Fritt møte 27. januar 2004

### Årsfest 7. februar 2004

Årsfesttradisjonen i Brattvåg Rotary er like gammal som klubben. I år som i fjor var det Trond og hans folk sytte for hus og mat.



Lidvar taler for damene



Erna Johnsen takkar for maten



President Harald Ønskjer velkomen til nytt medlem Bente Bruun.

Etter å ha ønskt velkomen til medlemmar med følge, gav president Harald ordet til klubbmeister Rolv R, som leia festen med vanleg eleganse.

Under middagen var det tale for damene ved Lidvar og for herrane ved Hjørdis. Bente Bruun vart opptatt som nytt medlem.

Årets rågjengerstatuett var det Øyvind som stakk av med.

Vi fekk også ein ny Paul Harris Fellow denne kvelden. Det var

Sigurd som vart heidra på denne måten. Sigurd har gjennom ein mannsalder tent bygda og kommunen på ein framifrå måte. Etter å ha overlevert entreprenørverksemda til neste generasjon,



Øyvind med Rågjengerstatuetten, diplom og vandretrofé

var han byggeleiar i kommunen i 13 år der han m.a. har hovudæra for opparbeiding av turveg til Gjersetsætra. Men det er i jobben som styreleiar i Brattvåg Vassverk (hittil i 22 år) at Sigurd har gjort eit arbeid som alle brattvågarar må takke han for. Brattvåg vassverk framstår i dag som eit topp moderne, veldrive anlegg.

Erna Johnsen takka for utmerka mat og drikke.

Etter middagen var det kaffi avec, og sidan kunne vi svinge oss til framifrå musikk av Danse-



*Sigurd vart heidra med Paul Harris Fellow*

bandet Midi med vokalist Guro Håvik til «langt ut i de små timer».

SV

### **Møte 10. februar 2004**

#### ***Nye Haram — kva er det?***

#### ***v/ rådmann Jan Petter Eide***

Thorleif hadde bedt rådmannen kome og fortelje oss om nye Haram. Kva har skjedd, ikkje berre på kommunalt nivå, men i offentleg forvaltning generelt?

Eide peika på at det har blåse ein kraftig kommersiell vind over offentleg forvaltning i heile Europa, særleg i Storbritannia etter Maggie Thatcher. Der har mellom anna «compulsory competitive tending» eller på norsk *konkurranseutsette tenester* hatt sterk fokus dei siste 20 år. Denne vinden har også blåse over vårt land.

Eit anna trekk har vore at offentleg forvaltning er blitt meir «rettighetsstyrt». Brukarane har rettar som eventuelt også kan prøvast rettsleg. Dette legg sterkare føringar på kommunal forvaltning. Det er også krav om auka mobilitet. Alt skal gå raskare. Kommunen liknar meir og meir ei produksjonsbedrift.

I Haram har ein gjennomført ei

omorganisering med sikte på å lage funksjonelle einingar som også tar i vare kravet til effektivitet. Ein har i dag 11 einingsleiarar med kvar sitt anvarsområde.

Politiske og administrative prosessar er plotta inn på eit årshjul, og ein har lagt opp til balansert målstyring med styringskort for kvar eining.

Eide kommenterte til slutt den store brukarundersøkinga som vart gjennomført i haust. Eit interessant trekk der var at brukarane av tenestene var meir tilfredse enn dei som ikkje bruka dei. Av det kan ein slutte at kommunen sitt «image» er for dårleg. Vi er betre enn folk trur vi er. Vi må bli betre til å selje dei gode historiene!

SV

### **Møte 17. februar 2004**

#### ***Per Svein Aasen***

Rolf H introduserte dagens talar, Per Svein Aasen, guvernør 81/82, frå Ålesund Rotaryklubb. Aasen heldt eit svært interessant foredrag om vérhistorie, klimaforskning og berekraftig utvikling, og om ulike aktørar i debatten omkring dette. Han var svært oppteken av at sanninga måtte fram, og han synte til fleire døme der såkalla naturvernarar ikkje var like opptekne av det same, berre det tente deira oppfatning.

Aasen peika på at solaktiviteten ser ut til å vere viktigaste faktor for klimaendringar på jorda. SV

### **Møte 24. februar 2004**

#### ***Den nye prikkbelastninga***

#### ***v/ Ove Finnes, Haram lensmannskontor.***

Finnes er «ansvarleg prikkfører» for Sunnmøre politidistrikt. Han kunne fortelje at 8 prikkar på 3 år fører til inndraging av førarkort. Du får ein prikk for 10-15 km/t overfart i opptil 60-sone og 16-20 km/t overfart i 70-sone og over. Køyrrer du fortare enn dette, får du to prikkar, eller så ryk

førarkortet med ein gong. Du kan også få to prikkar ved køyring mot raudt, farleg forbikøyring og brot på vikeplikta. Prikkar som er meir enn 3 år gamle, er forelda. SV

### **Fritt møte 2. mars 2004**

#### **Møte 9. mars 2004 Næringsminister Ansgar Gabrielsen**

Møte vart denne gongen halde på Haram vidaregåande skule i samband med næringsminister Ansgar Gabrielsen frå Høgre sitt besøk til Haram.

Gabrielsen kom med eit klart budskap til dei omlag 100 personane som hadde møtt opp i auditoriet: Eg vil ikkje vere næringsministeren som ikkje får legge til rette for at Noreg framleis skal vere ein verdsløande sjøfartsnasjon. Skipsfartsmeldinga og skattemeldinga vil bli all time high, var meldinga frå Gabrielsen. Han meinte at god gammaldags grunderånd ville vere sentral i framtida. Ansgar Gabrielsen varsla óg nye skattereduksjonar, 100 % nettolønsordning for sjøfolk med spesiell kompetanse og auka satsing på innovasjon og forskning.

Verftsdirektør Jan Petter Hagen sa at verftsindustrien i Noreg



*Næringsminister Ansgar Gabrielsen gjekk på barrikadane for den maritime industrien.*

ikkje har sjanse til å vinne konkurransen med til dømes finske verft på grunn av finansieringsordningane Finland bidreg med.

Sjølv om bransjen fekk nokre gulrøter av næringsministeren, fekk dei også klar beskjed om å utvikle seg. Det er overkapasitet ved verfta i Noreg, sa han og varsla ei ny våronn som skal såast for framtidige generasjonar.

Gabrielsen ville gi skipsverfta og dei maritime næringane drahjelp i form av meir konkurransedyktige rammevilkår, og synte til redusert skattetrykk som tilsvarer 13 mill. kroner for industrien.

Då ordførar Oddbjørn Vatne spurte om byråkratane i Oslo ikkje snart burde kome ut for å sjå røyndommen i kommunane. Svara Gabrielsen: Du ska få dæ ein byråkrat, ordførar. E ska sænde en te de, så får du gjæ med an som du vil! HKS

### Møte 16. mars 2004

#### Pensjonistfest

Tradisjonen tru inviterte Rotary til sin årlege fest for pensjonistane. President Harald Gudbrandsen ønskte dei omlag 70 pensjonistane velkomne.

Representant frå Musikkskulen Silje Løvdøen spelte musikkstykket «Til Elise» og «The Entertainer» på piano. President Harald las morosame og slåande historier om sunnmøringane frå boka «Rubicon» av Agnar Mykle.

Rotarianarane hadde tatt med seg mykje god mat og det vart ei lang matøkt med godt sosialt fellesskap. Loddsalet gjekk som smurt og pengane som kom inn går til Rotary sitt kulturfond.

HKS.

### Møte 23. mars 2004

#### Kulturprisutdeling

Møte denne gongen var på Bedehuset på Løvsøya. Dagens program: Utdeling av Rotary sin kulturpris for 2003 til Annbjørg

Hellevik og Sølvi Kjerstad. Dei to fekk prisen for sitt store arbeid for barn og unge på øya. I over 25 år har dei leia barneforeninga og for 19 år sidan starta dei Tirs-dagsklubben.

Attom dette ligg eit stort arbeid, eit uthaldande tolmod og ein trong til å gi barn og ungdom livsverdiar som vil bli dei til hjelp seinare i livet, står det i grunngevinga. Bedehussalen var fylt til trengsel av barn, unge og eldre då kulturprisen skulle utdelast. Seremonien fekk ein fin og høgtideleg ramme og med mykje fin song frå koret Spirit og barnekoret. Eg trudde ikkje at to kjerringar frå Løvsøya som driv misjon skulle få kulturpris, sa Annbjørg Hellevik i takketalen sin, då ho og Sølvi Kjerstad tok i mot kulturprisen på 10.000 kroner og diplom.

Forslagsstillar Robert Seth sa at det var ei stor personleg glede å overrekke prisen til dei to damene for det store arbeidet dei hadde gjort for barn og unge på øya. Seth og 31 andre på Løvsøya hadde skrive under brevet med forslag om at Annbjørg og Sølvi skulle få prisen. Det er eit stort arbeid dei har lagt ned, og drivkrafta har vore ei indre trong til å gi dei unge gode livsverdiar, sa Seth. Han samanlikna arbeidet

deira med visa til Jakob Sande, om vesle Daniel som skulle ut i verda. Øvst i ferdakista hans låg salmebok og testament. Annbjørg og Sølvi har lagt salmeboka og testamentet i ferdakista til dei unge her på øya, sa han.

Det er ikkje tvil om at vi har gjort eit rett val. Kulturprisvinnarane er i høgste grad med på å oppretthalde busetjinga på øya, sa president Harald Gudbrandsen, då han overrekte prisen. Presidenten var for første gong på Løvsøya, men hadde alt bestemt seg for å ta turen til sommaren slik at han fekk sjå meir av den fine naturen på øya. HKS

### Møte 30. mars 2004

Presidenten ønskte velkommen til møte og oppmoda forsamlinga til å kome med forslag til ungdom som kunne tenkje seg å reise på Handicamp sin sommarleir.

Hovudposten: Helge Austbø vart tatt opp som medlem i Brattvåg Rotaryklubb. Austbø har mange år jobba som likningskonsulent ved Haram likningskontor, men er no tilsett hos revisorfirmaet John Johansen AS i Brattvåg.

Etterpå var det fritt møte og pratn gjekk.. HKS



President Harald Gudbrandsen overrekker sjekken på 10 000 kroner til kulturprisvinnarane Annbjørg Hellevik og Sølvi Kjerstad